

Torsdag 7. mai blir det intim blues-konsert ved Rich Harper Band frå USA i Dønhaugkjedlaren og lørdag 9. kjem bandet att og held låvekonsert.

- Å oppleve dette fenomenale bandet i eit så lite/intimt lokale vil garantert vera ei stor musikalsk oppleving, lovar Magne Huglen, som held fram:

- Dette er eit topp internasjonalt blues-band frå California . Dei opptre over heile verda, og vitja Norge for første gang i 2008. Dønhaug Gjestegard var dei fyrste som booka bandet til arrangement. i Noreg.

På turnerunden då deltok dei også på blues-festivalen i Skånevik, i tillegg til at dei på den turnerunden vitja Aust- og Sørlandet, i tillegg til Sverige og Danmark. Alle stadar fekk dei fantastiske tilbakemeldingar, og dei fekk mange nye "fans" her i landet. Dei hadde også ein haust-turne i Norge og Sverige i 2008.

Fyrste spelejobben på Noregs-turneen 2009 blir også på Dønhaug, med "intim-konsert" i Dønhaugkjedlaren før dei dreg på spelejobb til Bergen, for så å koma attende til låvedansen laurdag .

Bandet har hatt stor suksess med fleire CD-ar og er blitt eit framifrå blues-/rock band
Rich Harper er ein sjølvlært blues-gitarist som lærte ved å lytta til store artistar som Eric Clapton, B.B. King, Rory Gallagher, Freddy King og Duane Allman og han har utvikla sin eigen slide stil. Etter å ha starta med å opptre i småbyar i Pennsylvania, flytta han til Los Angeles for å danna Rich Harper Band.

På låvedansen vil dei presentera eit svært variert musikk-spekter, frå ulike typar blues, til rock, rolege viser og pop-låtar. M.a.o. musikk for einkvar smak med god danserytme.

Dei som vil lesa meir om bandet kan gå inn på www.richharper.com

Sjå og www.donhaug.com eller www.donhaug.no, opplyser Magne Huglen.